



Emne:	Planstrategi for Bergen kommune, Planforum		
Til stades:	Etternamn	Fornamn	Organisasjon/tittel
	Taule	Richard	Bergen kommune
	Bjørseth	Pål	Bergen kommune
	Nordtorp	Rune	Bergen kommune
		Vegar	
	Walsø	Christoffersen	Direktoratet for mineralforvaltning
	Hammerstad	Håvard	Direktoratet for mineralforvaltning
	Midttun	Ola	Fiskeridirektoratet
	Handeland	Heidi	Fylkeskonservatoren
	Riise	Grete	Fylkesmannen
	Kaland	Laila Pedersen	Fylkesmannen
	Flo	Torgeir	Fylkesmannen
	Wilkerson	Brook	Fylkesmannen
	Hagen	Åsne	Fylkesmannen
	Rødseth	Marit	HFK
	Porten	Anne Mette Nesje	HFK, næring
	Kleppe	Kari Patricia	HFK, næring
	Runshaug	Hillevi Elizabeth	HFK, opplæring
	Taule	Eva Kathrine R.	HFK, plan
	Bjercke	Sigrid Næsheim	HFK, plan
	Nordmark	Per	HFK, plan
	Øvsthus	Kari	HFK, plan
	Raddum	Gunhild	HFK, samferdsel
	Hage	Torild	Jernbaneverket
		Kvam	Unn Jenny Utne
	Wensaas	Kristina Ebbing	Statens vegvesen
	Moen	Kari Elster	Statens vegvesen
	Eldrup	Beate	Statens vegvesen
	Stople	Tone Høyland	Statens vegvesen
Forfall:			Sak: 2014/13624-96
Møtetid:		Møtestad: Vestland, Fylkesbygget	

Møteleiar: Eva –Katrine Taule konst. plansjef

Referent: Sigrid Næsheim Bjercke

Innleiing ved Richard Taule og Pål Bjørseth frå Bergen kommune orienterte om prosess og innhald. Dokumenta er under arbeid og Bergen kommune har valt å ikkje sende dei uferdige dokumenta til planforum i forkant av møtet. Tidsfrist er å knytt til at planstrategien skal implementeras i handlingsplan for økonomi.

Det har vore ønske om at planstrategien skulle leggas tett opp til Byrådet, til forskjell frå førre runde der arbeidet vart lagt til planavdelinga. Planstrategien er meint å vere ein vidareføring frå samfunnsplanen.

Overordna mål med planstrategiarbeidet er styrking av «planbeinet» og etablere ei klarare kopling mellom plan og økonomi. Betre samordning av planar, oppdatere kommunen sine policy dokumenter og prioritering av planer.

Organisering av prosess

Forslag til planstrategi vert lagt ut til gjennomsyn i mai og juni. Planlagt vedtak etter sumaren.

Så langt er det ikkje vist til kva planar som skal prioriterast i neste planperiode anna enn at det er lagt til grunn at kommuneplanens samfunnsdel ikkje skal rullerast. Samfunnsdelen er relativt ny, den skil seg ikkje vesentleg frå nytt byråd sin plattform og vart vedteken einstemmig.

Rullering av kommuneplanens arealdel gjennomførast som planlagt. Arealdelen skal ta opp i seg føringar frå samfunnsplanen som til dømes tettare by, utviding av sentrum med meir. Byutviklingsavtaler får konsekvensar for arealdelen.

I perioden skal fire ulike prinsipp saker, leggest fram for bystyret. Desse skal innlemmas i kommuneplanens arealdel:

- Byggehøyder og høyhus
- Flystøy
- Strategiske temakart om detaljeringsgrad med meir.
- Rullebane 2

FoU- prosjekt

I denne perioden er det også sett i gang eit FoU- prosjekt som er knytt eit storbyretta forskningsprosjekt med midlar frå KS. Stavanger, Oslo, Trondheim er også med i prosjektet, som vert utført av Asplan Viak. FoU –prosjektet viser allereie no at samordning vil gje stor vinst. Der ein søker å bygge ned sektortenkning og «fagsiloer».

Utviklingstrekk og utfordringer

Planstrategien legg til grunn følgjande hovudtema.

- Klima og miljø – Bærekraftig Bergen
- Befolkning
- Areal- transportplanlegging
- Økonomi, næringsliv og omstilling
- Et inkluderende Bergen

Innspel frå planforum:

Prosess

Parallelt arbeid med kommunale og regionale planstrategier kan gi hverandre gjensidig påvirkning. Hordaland fylkeskommune har sendt l brev til kommunane - *Kommunal planstrategi 2016–2020 - synspunkt frå Hordaland fylkeskommune til kommunane i Hordaland om regionale forventningar til planstrategien*. Dokumentet finn de på http://www.hordaland.no/globalassets/for-hfk/plan-og-planarbeid/diverse-dokument/kommunal-planstrategi_synspunkt_22022016.pdf

Vi saknar dokument til gjennomsyn med forslag til prioriterte planar før planforum. Det er ikkje naudsynt med eit ferdig produkt for å gje innspel til arbeidet frå dei ulike instansane på vegval og satsingsområder.

Det vert vist til at det vil vere eit nytt krav til alle planar at dei skal dokumentere korleis dei følgjer opp kommuneplanens samfunnsdel. Det har skjedd store endringar sidan kommuneplanens arealdel vart laga. Prioriteringar må spegle dette.

Samhandling må ikkje stoppe ved kommunegrenser. Det er større vekst i kommunen rundt Bergen. Det er krav i loven om samhandling med nabokommunar. Korleis er dette følgd opp?

Planfagleg

Planstrategien bør synleggjere endra planformer og rammer for planarbeid. Ref. planarbeid med utvida planprogram for Laksevåg, og bruk av *VPOR – veiledende plan for offentlige rom*.

Folkehelse

Etterlyser eit oversiktsdokument etter folkehelselova. Kommunane må ha oversyn over helsetilstanden i befolkninga og dei faktorane som verkar inn på denne. Oversynet skal ligge til grunn for kommunane sin planstrategi og utfordringane skal følgjast opp i den kommunale planlegginga. Det må sikras at det kjem folkehelseomsyn inn i planlegginga for dei ulike kommunale sektorane.

Omgrepet *folkehelse*, er ikkje noko i seg sjølv, bør vere som ei overbygging med undertema som levekår, utjamning, tryggleik, aktivitet m.m.

Etterlyser strategi for å få til eit universelt utforma samfunn til 2025.

Oppvekstvilkår har konsekvensar for fråfall i vidaregåande skule. Tema som bør fangas opp i planstrategi. Må også sjåast i samanheng med lokalisering av barnehagar og skuler.

Overskrifta er *vanskeligstilte grupper*, verker stigmatiserande. Det handlar om menneske med ulike behov.

Det er mål om at barnefamiliane skal bu i sentrum. Dette er aktuelt bjelder både i sentrum og bydelane. Vern av rom i by til barn, bør vere tydelegare.

Kulturminne- handlar også om folkehelse.

Flystøy er eit stort helseproblem og må være del av planstrategi.

Areal og transport

Kan det gjerast ein prioritering kva for område som skal prioriterast for heilhetleg planlegging med offentleg infrastruktur. Kor skal byen vekse først? Det er uheldig at det vert opna for ei rekke «frimerkeplanar» i

områder der det er krav om områdereguleringsplan. I planstrategien bør det gjerast ein vurdering av kva planoppgåver skal avsluttas og kor nye skal setjas i verk.

For å få til den kompakte byen må mellom anna lokalisering av skular, sjukeheimar, barnehagar være del av denne planstrategien. Barn og unge må ikkje vere nøydd å dra med buss til skule.

Prinsipp om «gåbyen» må også takast med ut i bydelane.

Regional bustad og arbeidsmarknad. Pendling med jernbane må også takast med.

Naturressursar

Bergen kommune har mål om at 80% av utbygging skal vere i sentrum. Viser til kostnad å bygge sentralt. Viktig at kommunen tar stilling til kor byggeråstoff skal hentast frå, transportavstand og at ressursar ikkje vert bygd ned. NIMBY – *not in my backyard* problematikk. Behov for ein planstrategi knytt til byggeråstoff.

Samferdsel

Gåbyen- krev planer til infrastruktur som kan sjåast i samanheng med Bymiljøavtalen.

Til dømes vil snarveger til bybanen kunne vere små planar som har stor effekt for å nå mål om *gåbyen*.

Sykkelbyen Bergen - Meir fokus på betra infrastruktur til sykkel. Bergen kommune har berre ein sykkelandel på 3%. Det må vere fokus i alle arealplanar for å betre sykkelandel. Det bør byggast sykkelstrekningar mellom bydelane og sentrum.

Dei store vegprosjekta i *Storbergen* inn mot Bergen sentrum krev samhandling med nabokommunene i tillegg til *Bergensprogrammet*.

Bymiljøavtalen må følgast opp tydelegare opp i planstrategiene for å få lukkast med å få utløyst midlar til klimavennleg byutvikling.

Klima og miljø

I Hordaland har Bergen kommune størst utslepp og transport er største kjelda. 0-vekstmål i biltrafikk. Og 10% reduksjon i biltrafikk ligger i Klimaplan, må følgjast opp i planstrategien.

Vis til lokale og regionale klimamål, ikkje berre til globale mål.

Saknar klimatilpassing som tema.

Sjøområdene

Direktoratet har behov for å sjå igjen Bergen kommune sin haldning til Forvaltning av sjøområda.

Sjøområda og strandsona er viktig ressurs i pressområdet Bergen. Det må vere ein strategi for vern.

Grøntstruktur

Det må sikrast grønntstruktur i byggesonen.

Opplæring

Befolkningsprognosane er viktig for skulestruktur og planlegging. Viktig at det er samanheng gjennom heile grunnopplæringa.

Bergen kommune er viktig samarbeidspartner når det gjeld grunnopplæring, opplæring av flyktingar. Det er også samarbeid knytt til radikalisering og ekstremisme i skulen. Grep for å hindre *utenforskap* kan vere del av ein strategi.

Kulturminne

Fortetting, arealpress har verknad for kulturminne og kulturmiljø. Kommunen må ligge meir i forkant. Pågåande kulturminneplan, bør leggast inn i planstrategien.